
Frå: Haakon Aase <haa-aase@online.no>
Send: torsdag 7. februar 2019 16:26
Til: Eirik Bouwer Utne
Emne: Elias-huset

Hei!

Vi har hatt Roger Knutsen frå Gaml3Hus med oss ute på Mjåtveit i dag. Han kjem med ein stutt rapport. Vi vart einige om at det vil vera lurt å søkja om eit lite tilskot frå Kulturminnefondet til strakstiltak, dvs. beint fram å dekkja til huset med presenning. Sidan det kjem vatn inn frå taket div. stader, må vi pårekna at forfallet går rasande fort. Det kan vi bremsa viss vi dekkjer til huset.

KMF spør om litt av kvart, t.d. er huset SEFRAK-registrert? Kan du få det sjekka? Evt. skaffa med registreringsrapporten, viss ein slik finst? Elles takk for raust tilskot til synfaringa!

Beste helsing
Haakon